



Hordaland Fylkskommune
Kultur- og idrettsavdelingen
Postboks 7900
5020 Bergen

Havrå, 15. nov. 2017.

Dykkar ref.:

Vår ref.: MAJ

Midlertidig rapport om arbeid på Semensløa.

Me takkar så mykje for løyvinga knytt til restaurering/vedlikehald av Semensløa. Museumssenteret i Hordaland vil med dette informera om fylgjande arbeid som er utført på Semensløa.

Roteskader: I søknaden var det skissert et stort tiltak knytt til mellom anna vatn som rann inn mot rammestokken i floren og førte til råteskader. På det tidspunktet hadde me ikkje opna opp hellene som ligg i gangvegen. Men, då me tok opp dei og kom på innsida av muren, innom løa (golvplankene ligg lause), synt det seg at rammestokken som golvbjelkene ligg på var innpakka i gamal jord, støv, rusk og rask (om lag ein halv meter). Jordlaget vart fjerna, stokken kom fram i dagen, og den fekk luft rundt seg. Basert på dette funnet bestemte me oss for å ikkje setja i gang eit større tiltak med å jekke opp løa, for å erstatte den gamle rammestokken med ei ny. Me ser at stokken tørker opp meir eller mindre i gjennom året. I tillegg var stokken i betre tilstand enn det me ved fyrste synfaring kom fram til. Gaveveggen mot vest hadde også mykje jord pakka på seg. Her har me også fjerna all jord, slik at rammestokken har fått luft.

Måten me løyste problemet på har fungert relativt bra, men heilt tørt vil det aldri bli. Det er generelt mykje vatn i grunnen, og dyra avgjer mykje fuktigheit i periodar. Særleg når dei kjem inn våte

Totalt har to personar arbeid 1. månadsverk på arbeidet som er skissert. Eit dagsverk to personar kostar kr 5025,-. **Totalt kr. 70 250,-.**

Brakevegg: Denne gavelveggen har brake i løedelen mot vest. Braken vart henta i Haverdalen. Arealet på veggen som er tredd er 10 m². Her har me rekna kr. 6000 pr. m² (same summen som me nytta på brakeveggen til Kåre Havre). Inkludert i denne prisen er også klipping, bunting og frakting ned til tunet. **Totalt for kr. 60 000,-.**

Avd. Havrå
5286 Haus

post@muho.no
www.muho.no

Telefon: 56 39 02 90

Org. nr.: 971 349 743
Konto nr.: 3625.19.69684

Vindeskeine på begge sidar av gavelen var roteskada, så dei er skifta. Innkjøp av materiale, km.godgjersle samt arbeid: **Totalt kr. 10 000.** Faktura på materialkostnadar vert ettersendt.

Oppsetting og nedtaking av stillas to dagsverk: **Totalt kr. 5025,-.**

Gavelveggen mot aust. Løa heller litt mot vest. Det fører til at gaveleveggen, som har ståande kledning, lett får vatn inn mellom ramma i kledningen. Me har lagt inn ei sinkplate for at rammestokken ikkje skal verta roteskada. Me løyste kledninga, justerte borda der dei hadde slept, og spikra dei opp att.

Totalt eit dagsverk à kr 2512, 50,-.

Taket på lauvsvolet: Eit særskilt vakkert lite tak av villheller. Her tek vatnet mange ulike vegar inn. Me har klipt til sinkplater, og lagt dei på innsida under takhellene. Dei er bøygd til slik at vatnet ikkje renn inn, men vert leda ut. Dette for at sperrene ikkje skal verta roteskada. Dette taket treng kontinuerleg ettersyn og vedlikehald.

Tre dagsverk. **Totalt kr. 7537,50,-.**

På innsida av løa er stengene som held høyet vekk frå ytterkledninga skifta, dei var særskilt dårlege. To dagsverk. **Totalt kr. 5025,-.**

Totalt har utført arbeid så langt kosta kr. 160, 350,-.

Arbeid som gjenstår: Me må skifte store deler av kledninga på sørsida av løa, dei er i ferd med å ramle ned. Her er det ståande kledning, med varierende breidde. Det betyr at materialane må spesialbestillast. Øvste bordet på sperreendane på heile løa si lengde må også skiftast. Her må me opp med stillas.

Me ber om at heile summen som er løyvd til Semensløa vert utbetalt til

Museumssenteret i Hordaland sin konto 3625 19 69684.

Fullstendig rapport med fakturaer, bilete og ytterlagare tekst vil verta innlevert når denne siste delen vert gjort ferdig.

På førehand takk.

Med venleg helsing

Museumssenteret i Hordaland, avd Havrå

Marit Adelsten Jensen, dagleg leiar.